

Eldre med alvorleg psykisk lidning poliklinisk behandling

Alvorleg psykisk lidning, dvs. psykoseliding, alvorleg depresjon, mani eller bipolar lidning, er forholdsvis sjeldne tilstandar og ca. 1-3,5 % av innbyggjarane vil få ei psykoseliding i løpet av livet. Alvorleg psykisk lidning kan føre til langvarig og stort funksjonsfall og omfattande hjelpebehov, mens andre kan ha eit meir kortvarig sjukdomsforløp. Pasientar med alvorleg psykisk lidning får ofte både poliklinisk behandling og døgntil behandling i spesialisthelsetenesta.

Utval og definisjonar

Pasientar i alderen 65 år og eldre som i 2014–2018 hadde minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar (TSB) eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, med alvorleg psykisk lidning som hovud- eller bitilstand er inkludert. Alvorleg psykisk lidning (ALV) er definert ved ICD-10-kodane F20–29, F30.1, F30.2, F30.8, F30.9, F31, F32.3, F33.3.

Polikliniske kontaktar er definert som kontaktar der pasienten (eller pårørande) var fysisk til stades, og blei skriven inn og ut same dato (inkluderer både polikliniske konsultasjonar og dagbehandling). Indirekte polikliniske kontaktar er ikkje inkludert her.

| Buområde | Tal kontaktar | Tal pasientar | Kontaktar per pasient |
|-----------------|---------------|---------------|-----------------------|
| Lovisenberg | 1 560 | 78 | 19,9 |
| Diakonhjemmet | 1 728 | 117 | 14,8 |
| Sørlandet | 1 421 | 106 | 13,4 |
| St. Olavs | 1 369 | 124 | 11,0 |
| Telemark | 795 | 80 | 10,0 |
| OUS | 1 314 | 132 | 9,9 |
| Bergen | 2 143 | 225 | 9,5 |
| Vestre Viken | 1 542 | 172 | 8,9 |
| Ahus | 1 299 | 150 | 8,6 |
| Fonna | 728 | 89 | 8,2 |
| Vestfold | 668 | 84 | 7,9 |
| Østfold | 515 | 68 | 7,6 |
| Stavanger | 914 | 120 | 7,6 |
| Helgeland | 160 | 21 | 7,6 |
| Møre og Romsdal | 927 | 123 | 7,6 |
| Nord-Trøndelag | 571 | 77 | 7,4 |
| Innlandet | 937 | 143 | 6,6 |
| UNN | 456 | 71 | 6,4 |
| Førde | 236 | 44 | 5,3 |
| Nordland | 145 | 30 | 4,9 |
| Finnmark | 79 | 26 | 3,0 |
| Noreg | 19 507 | 2 074 | 9,4 |


Poliklinisk behandling for eldre med alvorleg psykisk lidning i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år var omtrent 2 000 eldre med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling ved psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller hos avtalespesialist i psykisk helsevern, til saman knapt 20 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 1,2 til 7,6 eldre med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling per 1 000 innbyggjarar per år. Kontaktraten varierte i buområda frå 6 til 148 kontaktar per 1 000 innbyggjarar, med 23 som gjennomsnittleg årsrate.

Eldre med alvorleg psykisk lidning hadde i gjennomsnitt 9 polikliniske kontaktar per år, men talet varierte i buområda frå 3 til 20 polikliniske kontaktar årleg per pasient.



Kjelde: NPR/SSB

Kontakttrate for eldre med alvorleg psykisk lidning. Tal polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søyene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

For eldre med alvorleg psykisk lidning er variasjonen i kontaktratar særleg stor. Pasientratane er høgast i Oslo, der pasientane også har nær sju gonger fleire kontaktar per pasient enn i Nord.

Så tydeleg store variasjonar i poliklinisk behandling av pasientar med alvorlege lidningar gir mistanke om underforbruk av tenestene i delar av landet, og er uønska.